

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning

VEDTEKEN I HST SAK 018/21

JOURNALFØRT PÅ SAK 21/454



Gjeldande frå og med 1.
mars 2021



INNHALDSLISTE

1.0 Om finans- og gjeldsforvaltningsreglementet	3
1.1 Føremålet med reglementet.....	3
1.2 Kven reglementet gjeld for	3
1.3 Heimel.....	3
1.4 Gyldigheit.....	3
1.5 Forvaltning og forvaltningstypar	4
1.6 Føremålet med kommunen si finans- og gjeldsforvaltning.....	4
1.7 Generelle rammer og avgrensingar.....	5
2.0 Forvaltning av midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet	6
2.1 Innskot i bank.....	6
2.2 Andelar i pengemarknadsfond	6
2.3 Direkte eige av verdipapir.....	7
2.4 Felles plasseringsavgrensingar	8
2.5 Rapportering.....	8
2.6 Avkastningsmål.....	8
3.0 Forvaltning av gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar.....	9
3.1. Vedtak om opptak av lån.....	9
3.2. Val av låneinstrument.....	9
3.3. Tidspunkt for låneopptak.....	9
3.4. Konkurrerande tilbud.....	9
3.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument	10
3.6. Storleik på einskilde lån – spreiiing av låneopptak.....	10
3.7. Rapportering.....	10
4.0 Forvaltning av kommunen sine midlar som skal forvaltast med lang tidshorisont.....	12
4.1 Føremål.....	12
4.2 Overordna investeringsrammer.....	12
4.2.1 Generelt	12
4.2.2 Likviditetsmål.....	12
4.3 Produktspekter.....	12

<i>4.4 Risikorammer</i>	13
4.4.1 Likviditetsrisiko	13
4.4.2 Kreditrisiko	13
4.4.3 Risikoklasser	13
4.4.4 Plasseringsavgrensingar – risikoklasse	14
4.4.5 Plasseringsavgrensingar – debitor	14
<i>4.5 Valutarisiko</i>	15
<i>4.6 Avkastningsrisiko, avkastningsmål og benchmark</i>	15
<i>4.7 Etske retningslinjer</i>	15
<i>4.8 Rapportering</i>	16
5.0 Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko	18
<i>5.1 Risikovurderingar</i>	18
<i>5.2 Kvalitetssikring</i>	18
6.0 Vedlegg – ord og uttrykk	19

1.0 OM FINANS- OG GJELDSFORVALTNINGSREGLEMENTET

1.1 Føremålet med reglementet

Reglementet skal gje rammer og retningslinjer for heradet si finans- og gjeldsforvaltning. Reglementet utgjer ein samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld, og underliggjande fullmakter/instruksar/rutinar skal heimlast i reglementet. Vidare definerer reglementet kva avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva og opptak av lån/gjeldsforvaltning.

1.2 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Kvam herad. Reglementet gjeld òg for verksemd i kommunale føretak etter kommunelova kapittel 9 og kommunale oppgåvefellesskap etter kommunelova kapittel 19. I den grad desse verksemdene har eiga finans- og gjeldsforvaltning, skal forvaltninga utøvast i tråd med dette reglementet.

1.3 Heimel

Dette reglementet er utarbeida på bakgrunn av:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22. juni 2018, § 14-13
- Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner, iverksett 1. januar 2020

1.4 Gyldigheit

- Reglementet trer i kraft frå og med 1. mars 2021.
- Finansreglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar heradsstyreperiode.
- Dette reglementet erstattar alle tidligare reglar og instruksar som heradsstyret eller anna politisk organ har vedtatt for Kvam herad si finans- og gjeldsforvaltning.

1.5 Forvaltning og forvaltningstypar

Reglementet omfattar forvaltninga av alle heradet sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld). Gjennom dette finans- og gjeldsforvaltningsreglementet er det vedteke målsetjingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet
- Forvaltning av gjeld og andre finansieringsavtaler
- Plassering og forvaltning av heradet sine midlar som skal forvaltast med lang tidshorisont.

Forvaltning av midlar med låg risiko og høg likviditet (kapittel 2), gjeldsportefølje (kapittel 3) og/eller midlar som skal forvaltast med lang tidshorisont (kapittel 4) kan setjast bort til ekstern forvaltar med konsesjon frå finanstillsynet eller tilsvarande med mynde i EØS-området.

Reglementet omfattar ikkje forvaltning av pensjonsmidlar, som er regulert i eige regelverk, eller eige av aksjar eller andler i selskap når eigarskapen ikkje er rekna for forvaltning av ledig likviditet (t.d. eigarskap som er næringspolitisk eller samfunnsmessig motivert).

1.6 Føremålet med kommunen si finans- og gjeldsforvaltning

Finans- og gjeldsforvaltninga har som føremål å sikre ei rimelig avkastning på kommunen sine plasseringar samt stabile og låge netto finansieringskostnader på låneporteføljen innanfor definerte risikorammer.

Dette vert forsøkt oppnådd gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrett) til å dekkja løpande betalingsplikter.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, når ein tek omsyn til tidsperspektivet på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, når ein tek omsyn til behov for forutsigbare lånekostnader.
- Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ei god langsiktig avkastning til akseptabel risiko.

I tråd med krav i forskrift § 6 vert det sett mål for:

- a. Midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet – sjå punkt 2.6
- b. Midlar som skal forvaltast med lang tidshorisont – sjå punkt 4.6

1.7 Generelle rammer og avgrensingar

- Heradsstyret skal sjølve gjennom fastsetjing av dette finans- og gjeldsforvaltningsreglementet ta stilling til krav om avkastningsmål og vesentleg finansiell risiko, jfr. Kommuneleova § 14-13
- Reglementet omfattar ikkje midlar som vert plassert av samfunnsøkonomiske omsyn i høve til eigarstrategien.
- Reglementet skal byggjast på heradet sin eigen kunnskap om finansielle markadar og instrument.
- Heradsstyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finans- og gjeldsforvaltninga, under dette kva som vert rekna som midlar som vert forvalta med ein lang tidshorisont.
- Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar i samsvar med dette reglementet.
- Rådmannen får fullmakt til å plassere heradet sine midlar i samsvar med dette reglementet.
- Rådmannen får fullmakt til å forvalta heradet si gjeldsportefølje i samsvar med dette reglementet.
- Rådmannen skal med heimel i dette finans- og gjeldsforvaltningsreglement, utarbeida nødvendige fullmakter/instruksar/rutinar for dei enkelte forvaltningsformer.
- Finansielle instrumenter og/eller produkt som ikkje er eksplisitt tillete nytta gjennom dette reglementet, kan ikkje nyttast i heradet si finansforvaltning.

Kommunen kan i si finans- og gjeldsforvaltning nytta andre finansielle instrument, såkalla avleia instrument/derivat. Slike instrumenter skal vera konkret nemnt under dei einskilde forvaltningsformene og må nyttast innanfor risikorammene for underliggjande aktiva eller gjeld og skal inngå ved utrekninga av finansiell risiko. Det er ikkje høve til å nytte avleia instrument/derivat til geare (auke risikoen) i kommunen sine investeringar/plasseringar.

Plassering av Kvam herad sine midlar i verdipapir, skal skje iht. etiske kriteria. Kriteria er skildra under plassering av midlar med ein lang tidshorisont, pkt 8.9. Så langt det er praktisk mogleg skal desse etiske kriteria også gjelda for plasseringar i verdipapirfond.

2.0 FORVALTNING AV MIDLAR SOM SKAL FORVALTAST MED LÅG RISIKO OG HØG LIKVIDITET

Heradet sine midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet, kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).

Heradet skal inngå rammeavtale for å ivareta det løpande behov for banktenester. Det kan gjerast avtale om trekkrett. Denne skal være på maksimum 40 mnok¹. Ved val av hovudbank skal det stillast krav om minimum internasjonal kredittrating A- eller tilsvarande kredittvurdering.

Heradet sin driftslikviditet kan plasserast i heradet sin hovudbank, eventuelt supplert med innskot i andre spare- og/eller forretningsbankar med forvaltningskapital som overstig NOK 25 mrd.

Midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet, utover kva som trengst til dekking av heradet sine løpande betalingsplikter dei nærmaste 3 månadar, kan plasserast etter følgjande retningslinjer:

2.1 Innskot i bank

For bankinnskot gjeld følgjande avgrensingar:

- a) Tidsbinding kan ikkje avtalast for en periode på meir enn 6 månadar.
- b) Enkeltinnskot med tidsbinding kan ikkje utgjere meir enn NOK 20 mill.

2.2 Andelar i pengemarknadsfond

For plassering i pengemarknadsfond gjeld følgjande:

- a) Det skal berre plasserast i fond med vekta gjennomsnittleg rentefølsemd på maksimum 12 månadar.
- b) Ikkje nokon av fondet sine enkeltpapir skal ha lågare kredittrating enn tilsvarande BBB- ("investment grade"). Kredittrating skal gjerast av anerkjent kredittratingbyrå, større norske verdipapirføretak, eller vera vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet.

¹ mnok = millioner norske kroner

- c) Porteføljen i aktuelle fond kan bestå av papir med inntil 20 % BIS-vekt, under dette:
- Renteberande papir utferda eller garantert av den norske stat.
 - Renteberande NOK denominerte papir utferda eller garantert av OECD/EØS sone A statar².
 - Obligasjonar med førerrett (særskilt sikra obligasjonar)³
 - Renteberande papir utferda eller garantert av norske statsføretak.
 - Renteberande papir utferda eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar.
 - Renteberande papira, i form av "senior" sertifikat – og obligasjonslån, utferda eller garantert av norske bankar eller kredittinstitusjonar.
- d) Det skal ikkje være avgrensingar på uttaksretten i fonda som vert nytta, og midlane skal alltid være tilgjengelege på få dagar.
- e) Samla vekta gjennomsnittleg løpetid for kreditten i eit enkelt pengemarknadsfond skal ikkje overstige 12 mnd.

2.3 Direkte eige av verdipapir

For direkte plassering i renteberande papir gjeld følgjande:

- a) Det skal berre plasserast i renteberande verdipapir med kortare durasjon enn 12 månadar til forfall.
- b) Ikkje nokon verdipapir skal ha lågare kredittrating enn tilsvarande BBB- ("investment grade"). Kredittrating skal gjerast av anerkjent kredittratingbyrå, større norske verdipapirføretak, eller vera vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet.
- c) Verdipapir kan ha inntil 20 % BIS-vekt, og kan bestå av:
- Renteberande papir utferda eller garantert av den norske stat.
 - Renteberande papir utferda eller garantert av norske statsføretak.
 - Renteberande papir utferda eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar.
 - Renteberande papira, i form av "senior" sertifikat – og obligasjonslån, utferda eller garantert av norske bankar eller kredittinstitusjonar.
- d) Inga enkeltplassing i renteberande papir kan utgjera meir enn NOK 20 mill. Unnateke frå denne avgrensinga er plasseringar i statspapir.
- e) Det skal ikkje være avgrensingar på uttaksretten i fonda som vert nytta, og midlane skal alltid være tilgjengelege på få dagar.

² Stat i sone A: Stater innen OECD området, samt Det europeiske økonomiske fellesskap. Stater som reforhandler sin statlige utenlandsgjeld, skal utelukkes i et tidsrom på 5 år.

³ Obligasjoner utstedt av kredittforetak med fortrinnsrett i en sikkerhetsmasse bestående av offentlige lån, utlån med pant i bolig eller annen fast eiendom.

2.4 Felles plasseringsavgrensingar

- Samla innskot i bank/kredittinstitusjon (inkl. direkte eige av verdipapir utferda eller garantert av institusjonen) skal ikkje overstige 2 % av forvaltningskapitalen til institusjonen, med unntak av plassering i hovudbanksamband.
- Kommunen sin eigardel i eit pengemarknadsfond skal ikkje overstige 5 % av forvaltningskapitalen til fondet.

2.5 Rapportering

Rådmannen skal minst to gongar i året leggje fram rapportar for heradsstyret som viser status for forvaltninga av ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål per 30. april og 31. august. I tillegg skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for heradsstyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum innehalde følgjande:

- Fordeling på dei ulike plasseringsalternativa/typar aktiva i kroner (marknadsverdiar) og i prosent av de samla midlane til driftsføremål.
- Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsrenter
- Kommenterarar knytta til samansetjing, rentevilkår/avkastning, vesentlege marknadsendingar og endring i risikoeksponering.
- Skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finans- og gjeldsreglementet.

2.6 Avkastningsmål

Avkastninga på midler som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet skal minimum tilsvara rentevilkår kommunen har i sin hovedbankavtale.

3.0 FORVALTNING AV GJELDSPORTEFØLJE OG ANDRE FINANSIERINGSAVTALAR

3.1. Vedtak om opptak av lån

Heradsstyret vedtar storleiken for opptak av nye lån i budsjettåret i samband med budsjettvedtaket.

Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån i samsvar med heradsstyret sine lånevedtak, godkjenne lånevilkår, og forvalta kommunen sine innlån etter retningslinjene som går fram av dette reglementet, og i samsvar med reglane i Kommunelova §14-14 om låneopptak.

Rådmannen får òg fullmakt til å refinansiera eksisterande gjeld.

3.2. Val av låneinstrument

Det kan berre takast opp lån i norske kroner.

Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, samt i livselskap. Det er også høve til å leggje ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden. Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån).

Kommunen skal prøva å finansiera investeringer som kvalifiserer til «grøne lån», dersom desse er konkurransedyktige og vilkåra kan sjåast som fordelaktige samanlikna med ordinære lån.

Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.

3.3. Tidspunkt for låneopptak

Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadsforhold.

3.4. Konkurrerende tilbud

Det skal normalt innhentast minst 2 konkurrerende tilbod frå aktuelle långjevarar. Det er høve til unntak ved låneopptak i statsbank (f.eks startlån i Husbanken).

3.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisera låneopptak og rentebindingsperiode i høve til oppfatningar om framtidig renteutvikling og innanfor eit akseptabelt risikonivå gitt eit overordna ønskje om føreseielege og stabile lånekostnader.

Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall. Gjennomsnittleg kapitalbind skal til ei kvar tid vera over 3 år.

Lån som forfell og som skal innløyast innan ein periode på 12 månader, skal ikkje overstiga meir enn 50 % av total gjeldsportefølje.

For å oppnå ønska rentebinding, kan ein ta i bruk framtidige renteavtaler (FRA) og rentebytteavtaler (SWAP). Rentesikringsinstrumenta kan nyttast for å endra renteesponeringa for heradet si lånegjeld. Føresetnader for å gå inn i slike kontraktar skal vera at ei totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt, tilseier at ei slik endring er ønskjeleg.

Det er ikkje tillete å lausriva derivathandelen frå resten av finansforvaltninga, og rapportering og utrekningar av nøkkeltal skal inkludera FRA- og SWAP-kontraktar. Føremålet bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knytast til underliggjande lån eller låneportefølje.

3.6. Storleik på einskilde lån – spreieing av låneopptak

I forvaltninga vert det lagt opp til følgjande;

- a) Låneporteføljen skal bestå av færrast mogleg lån, likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert avgrensa.
- b) Under elles like forhold vil det være formålstenleg at heradet fordeler låneopptaka på fleire lånegjevarar.

3.7. Rapportering

Rådmannen skal minst to gongar i året leggje fram rapportar for heradsstyret som viser status for forvaltninga av gjeldsporteføljen og andre finansieringsavtalar per 30. april og 31. august. I tillegg skal rådmannen etter årsslutt leggja fram ein rapport for heradsstyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum innehalde følgjande:

- Opptak av nye lån (inkl. avtaler om finansiell leasing)
- Refinansiering av eldre lån

- Verdi av lån som forfell og som må refinansierast innan 12 månader
- Samansetning av låneporteføljen fordelt på ulike typar passiva (i NOK og %)
- Løpetid for passiva og gjennomsnittleg rentebinding
- Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsvilkår (benchmark)
- Kommenterarar knytta til endring i risikoeksponering, attståande rentebinding og rentevilkår i høve til kommunen sin økonomiske stode og stoda i lånemarknaden, samt føreståande finansierings-/refinansieringstrong
- Skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finans- og gjeldsforvaltningsreglementet.
- Vesentlege marknadsendingar

4.0 FORVALTNING AV KOMMUNEN SINE MIDLAR SOM SKAL FORVALTAST MED LANG TIDSHORISONT

4.1 Føremål

Med midlar som skal forvaltast med lang tidshorisont aktiva meiner ein midlar som ikkje må reknast som ledige likvider og andre midlar til driftsføremål, og som ut frå kommunen sin økonomiske situasjon kan reknast som forsvarleg å forvalta med ein lang tidshorisont. Forvaltninga har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning. Det vert styrt etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samstundes som ein søker ei rimeleg årleg bokført avkastning.

4.2 Overordna investeringsrammer

4.2.1 Generelt

For å nå målet for forvaltninga av midlar med lang tidshorisont skal midlane til ei kvar tid forvaltast etter kriteria

- tryggleik
- risikospreiing
- likviditet
- avkastning

Risikovurderingar vert gjort som omtala i pkt 5.1.

4.2.2 Likviditetsmål

Investeringane skal skje i børsnoterte verdipapir med rimelig god omsetning og andre papir med tilsvarende god likviditet.

4.3 Produktspekter

Det kan investerast i følgjande finansielle aktiva/instrument;

- bankinnskott
- sertifikat
- pengemarknadsfond
- obligasjonar
- obligasjonsfond
- ansvarlege lån
- aksjefond
- aksjar og eigenkapitalbevis
- valutainstrument*)

*) Valutainstrument skal berre nyttast som sikring i samband med kjøp av utanlandske papir og fond i annan valuta enn NOK.

4.4 Risikorammer

4.4.1 Likviditetsrisiko

Likviditetsrisikoen vert styrt blant anna gjennom andel av statspapir i porteføljen. Statssertifikat og statsobligasjonar er dei verdipapira som er mest likvide i den norske marknaden og der det til ei kvar tid finst kursar i marknaden med lågast differanse mellom kjøps- og salskurs.

4.4.2 Kredittrisiko

Kredittrisiko vert styrt ved å klassifisere denne i risikoklassar og ved å etablera plasseringsavgrensingar for kvar risikoklasse og debitor med utgangspunkt i dei krav som er sett til kredittrisiko.

4.4.3 Risikoklasser

Kredittrisiko skal klassifiserast i følgjande risikoklassar;

Risikoklasse 1	Obligasjonar/sertifikat utferda av den norske stat eller føretak med statsgaranti, samt statsobligasjonsfond.
Risikoklasse 2	Norske obligasjonar med førerrett, obligasjonar/sertifikat utferda av statsføretak, fylkeskommunar og kommunar, kraftverk med garanti frå kommune/ fylkeskommune, bankar, forsikringsselskap og kredittføretak, innskot i bankar. BIS vekt skal vera maksimum 20 %. Pengemarknads- og obligasjonsfond etter same kriterium som over. Obligasjonar, sertifikat og innskot som inngår i Risikoklasse 2 og Risikoklasse 3 (enten enkeltvis eller gjennom verdipapirfond) skal minimum vera ratet "investmentgrade" dvs. BBB- eller betre.
Risikoklasse 3	Norske obligasjonar / sertifikat utferda av industriføretak eller liknande, eller fond med tilsvarande risiko. BIS vekt kan vera inntil 100 %. Pengemarknads- og obligasjonsfond etter same kriterium som over.
Risikoklasse 4	Ansvarlege lån

Risikoklasse 5 Norske aksjefond, aktivt forvalta aksje- eigenkapitalbevisporteføljer beståande av direkteeigde verdipapir notert på Oslo Børs.

Risikoklasse 6 Enkeltaksjar, grunnfondsbevis og private equity

4.4.4 Plasseringsavgrensingar – risikoklasse

For å styra kredittrisiko skal følgjande avgrensingar gjelde for plasseringane;

Kredittrisiko	Total porteføljefordeling av total forvaltningskapital
Risikoklasse 1	Maksimum 100 %
Risikoklasse 2	Maksimum 100 %
Risikoklasse 3	Maksimum 25 %
Risikoklasse 4	Skal ikkje nyttast: 0
Risikoklasse 5	Skal ikkje nyttast: 0
Risikoklasse 6	Skal ikkje nyttast: 0

4.4.5 Plasseringsavgrensingar – debitor

Rammene for maksimal plassering pr. debitor vert rekna av heradet sin samla forvalta kapital (ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål og langsiktige finansielle aktiva).

Kredittrisiko	Maksimal plassering pr. debitor i % av samla forvalta kapital
Risikoklasse 1	100 %
Risikoklasse 2	35 %
Risikoklasse 3	10 %
Risikoklasse 4	0
Risikoklasse 5	0
Risikoklasse 6	0

Maksimalt 10 % av heradet sin totale forvaltningskapital kan plasserast i eit enkelt aksjefond. Heradet kan heller ikkje eige meir enn 10 % av fondsandelane i et eit enkelt verdipapirfond. Heradet si eksponering (innskot og direkteeigde obligasjonar/sertifikat) i ein enkelt bank skal ikkje utgjera meir enn 2 % av forvaltningskapitalen til banken.

4.5 Valutarisiko

Utanlandske rentepapir/rentefond skal valutasikrast.

For utanlandske aksjefond skal minimum 70 % av valutaeksponeringa valutasikrast ved bruk av valutaterminar med maksimalt 12 månaders løpetid.

Dette gjeld òg for fond (renter og aksjar) der avkastninga er oppgjeven i NOK, men underliggjande papir heilt eller delvis er notert i utanlandsk valuta, og denne valutarisikoen ikkje er sikra i fondet.

4.6 Avkastningsrisiko, avkastningsmål og benchmark

Avkastningsrisiko er definert som risiko for verdiendring på eigendelar som følgje av endringar i marknadstilhøve – under dette endring i aksjekursar, rentenivå samt endring i volatiliteten i desse marknadane.

I tillegg til den absolutte risiko (risikoen for ikkje å nå oppsett avkastningsmål) har heradet også ein relativ risiko som er risikoen for å ikkje oppnå avkastninga til ei samanlikningsportefølje (benchmarkportefølje).

Minimum mål for avkastning og Benchmark (referanseindeks) for midlar med langsiktig tidshorisont skal vera:

- Bank/likviditet/sertifikat Oslo Børs Statsobligasjonsindeks 0,25 år (ST1X)
- Obligasjonar Oslo Børs Statsobligasjonsindeks 3 år (ST4X)
- Aksjar/eigenkapitalbevis Oslo Børs Fondsindeks (OSFBX)

Ved benchmark-samanlikningar skal avkastninga til den faktiske porteføljen målast mot "normalporteføljen" og "avkastninga" til denne i gjeldande periode.

4.7 Etiske retningslinjer

Dei etiske retningslinjene skal byggje på FN's Global Compact sine 10 prinsipp:

Menneskerettar:

1. Støtte og respektera vern om internasjonalt anerkjente menneskerettar
2. Sikra at selskapet ikkje medverkar til brot på menneskerettane

Arbeidstakarrettar:

3. Anerkjenne foreiningsfridom og retten til å føra kollektive forhandlingar
4. Avskaffe alle former for tvangsarbeid

5. Fjerne bruken av barnarbeid
6. Avskaffe diskriminering i sysselsetting og yrke

Miljø:

7. Støtte "føre var"-tilnærming i miljøspørsmål
8. Ta initiativ til å fremja miljøansvar
9. Oppmuntra til utvikling og spreing av miljøvenleg teknologi

Korrupsjon:

10. Kjempa mot all form for korrupsjon, inklusiv utpressing og bestikkelsar

Disse retningslinjene inneber blant anna at selskap som produserer særleg inhumane våpen skal utelatast frå porteføljen. Vidare skal selskap utelatast dersom det er openbar uakseptabel risiko for at heradet gjennom sine investeringar medverkar til:

- Grove eller systematiske krenkelsar av menneskerettane, som for eksempel drap, tortur, fridomsinnskrenking, tvangsarbeid, utnytting og annen utbytting av barn
- Alvorleg krenking av rettane til individet i krig eller konfliktsituasjonar, alvorleg miljøskade, grov korrupsjon og andre særlege grove brot på grunnleggjande etiske normer

Kvam herad vil passa på at samarbeidande forvaltarar er informert om både forvaltningsrammer og etiske retningslinjer i kommunen sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning. Det er Kvam herad si målsetjing at kapital ikkje vert plassert i selskap med ein uakseptabel etisk profil.

Dersom kommunen vert gjort merksam på at det hjå ein forvaltar er plasseringar i selskap med ein uakseptabel etisk profil, skal dette takast opp til diskusjon med forvaltaren med sikte på at nemnte plasseringar gjort av forvaltaren opphøyrer, eller at kommunen trekkjer seg ut av det aktuelle produktet hjå forvaltaren.

4.8 Rapportering

Rådmannen skal minst to gonger i året leggje fram rapportar for heradsstyret som viser status for forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva per 30. april og 31. august. I tillegg skal rådmannen etter årsslutt leggja fram ein rapport for heradsstyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året

Rapporten skal minimum innehalde følgjande:

- Fordeling på dei ulike aktivaklassane i kroner (marknadsverdiar) og i prosent av dei samla langsiktige finansielle aktiva
- Avkastning hittil i år samanlikna med referanseindeks per aktivaklasse og samla

- Kommentarer knytta til den faktiske aktivafordelinga, endringar i risikoeksponering, vesentlege marknadsendringar, samt avkastninga i høve til marknaden og målt mot budsjettert avkastning.
- Skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammane i finansreglementet

Plasseringa av heradet sine langsiktige finansielle aktiva skal ved kvar rapportering stresstestast med følgjande parameter:

- +2 % parallelt skift i den norske rentekurva
- -30 % verdiendring på norske aksjefond / aksjar

Samla verdifall på langsiktige finansielle aktiva skal leggjast fram og rådmannen skal kommentera kommunen si evne til å bera det potensielle tapet. Dersom rådmannen si vurdering er at det potensielle tapet er for stort i høve til heradet si risikoberande evne, skal rådmannen leggja fram forslag til endring i reglementet og samansetninga av den risikoberande porteføljen.

5.0 VURDERING OG KVALITETSSIKRING AV FINANSIELL RISIKO

5.1 Risikovurderingar

Det skal til kvar rapportering til heradsstyret gjerast følgjande risikovurderingar:

- a) Renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål og gjeldsporteføljen sett i samanheng,
 - Ei "netto" gjeldsbetraktning som syner renterisikoen som heradet tek i NOK ved ein 1 % andel generell endring i den norske rentekurva.

- b) Den absolutte risikoen i forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva
 - Rekna ut rullerande standardavvik over 36 månader til porteføljen sin strategi (benchmark).

- c) Den relative risikoen i forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva
 - Rekna ut rullerande relativ volatilitet (standardavviket til differansen mellom faktisk avkastning og strategi avkastning) over 36 månader.

5.2 Kvalitetssikring

Uavhengig kompetanse skal vurdere om finans- og gjeldsreglementet legg rammer for ei finans- og gjeldsforvaltning som er i tråd med reglane i kommunelova og reglane i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinane for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekka avvik frå finans- og gjeldsreglementet.

Rådmannen har ansvar for at slike vurderingar vert innhenta, eksternt eller gjennom kommunerevisjonen.

Kvalitetssikring av finans- og gjeldsreglementet skal finne stad ved kvar endring av reglementet, og før heradsstyret vedtar nytt, endra finansreglement.

6.0 VEDLEGG – ORD OG UTTRYKK

Aksje:

Eit verdipapir som fortel at eigaren av verdipapiret eig ein del av eit aksjeselskap. Verdien på ei aksje tilsvarar verdien i dag av all noverande og framtidig inntening i selskapet delt på antall aksjar. Endringar i forventta inntening i selskapet vil påverke aksjeverdien.

Aktivaklasse:

Namn på dei ulike hovudalternativa for plassering av pengar. For eksempel; Norske aksjar, norske obligasjonar og kortsiktige plasseringar i pengemarknaden

BIS-vekting

Bank of international settlements (BIS) har sett opp retningsliner for korleis ein skal risikovekte ein låntakar. Skalaen går frå 0 til 1, der 0 er lågast (minst risiko). Staten er vekta 0, mens kommunar og bankar er vekta 0,2. Industriselskap er vekta 1. Det same er kommunegaranterte lån, dvs selskap, stiftingar og andre som tek opp lån med kommunal garanti. Vektinga inneberer at ein kan låne ut 5 gongar så mykje pengar til ein kommune som til kommunegaranterte føremål for å oppnå same kredittrisiko.

Bulletlån

Lån som etter fastsette vilkår løper utan avdrag og i der heile lånet forfell til betaling på eit bestemt tidspunkt. Oftast brukt i samband med obligasjonslån utan avdrag. Også kalla fastlån.

Debitor:

En person, bedrift, institusjon etc. som har lånt pengar enten direkte i ein finansinstitusjon (oftast bank) eller via obligasjons- eller sertifikatmarknaden.

Derivat:

Ein finansiell kontrakt der verdien er avhengig av verdien til ein underliggende variabel på eit framtidig tidspunkt. Derivata med prisar på finansielle aktiva, råvarer som underliggende variablar er definert som finansielle instrument i verdipapirhandellova. Opsjonar og terminkontraktar er eksempel på derivat.

Durasjon:

Ved ein renteoppgang blir verdien av ein obligasjon redusert. Dette verdifallet tek ein tilbake etter ei tid fordi renteutbetalingane frå obligasjonen kan plasserast til ei høgare rente. Denne tida har kallar ein "durasjon". Desto lengre durasjon dess større verditap ved ein renteoppgang.

Finansinstrument:

Obligasjonar, sertifikat, verdipapirfond, aksjar, men også avtaler om sikring av rentefastsetting fram i tid, avtale om valutakursar m.m. Slike avtaler blir som oftast inngått mellom ein kunde og ein bank for å binde økonomiske plikter fram i tid.

Finansielle aktiva:

Oftast verdier i verdipapir og bankinnskott, i motsetning til realaktiva som bygningar, maskiner, biler, innbu etc.

FRA – Framtidig renteavtale:

En FRA er ein avtale mellom to partar om å fastlåse rentesatsen på eit framtidig lån eller ei plassering. Ein FRA kan sikre renta 1 - 2 år fram i tid. Kontraktane vert gjort til gjeldande interbankrenter (NIBOR), med løpetider på 3 eller 6 måneder på det tidspunkt avtalen forfell og den avtalte renta begynner å løpe. Det vert ikkje utveksla hovudstol, og avrekninga vert gjort ved forfall. Det eksisterer berre 4 kontraktar for kvar løpetid, med forfall i h. h. v. mars, juni, september og desember. Norske FRA kontraktar angir derfor marknaden sine forventningsestimat for 3 månaders terminrenter som begynner å løpe om eit år eller før og er gjengitt i dagspressa.

Hedge Fond:

Eit hedgefond har svært frie rammer for kva dei har lov til å investera i. Ofte stort innslag av ulike instrument og teknikkar i bruk. Ofte vanskeleg å få innsikt i dei investeringar som blir gjort, og i mange tilfelle høg risiko.

Kredittrisiko:

Kredittrisiko representerer faren for at motparten i ein kontrakt, for eksempel låntakar ikkje innfrir sine plikter.

Langsiktig avkastning:

Den avkastninga som ein måler over lang tid, som regel 3 – 5 år. Aksjar har erfaringsmessig høgast avkastning i høve til avkastning på plasseringar i pengemarknaden og obligasjonsmarknaden. Kortsiktig kan avkastninga på aksjar gje lav eller til og med negativ avkastning.

Likvide midlar:

Lett omsettelege verdier, ofte pengar, bankinnskott, pengemarknads plasseringar, fondsplasseringar eller aksjar som er enkle å kjøpe og selje – omløpsmidlar.

Likviditetsrisiko:

Faren for at plasseringar ikkje kan gjerast disponible for kommunen på kort tid, utan at det oppstår vesentleg prisfall på plasseringane i samband med realisasjonen.

Løpetid:

Tida fram til et verdipapir forfell til betaling, med andre ord tida fram til lånet (som verdipapiret representerer) skal betalast tilbake av den som har lånt pengane.

Marknadsrenta:

Marknadsrenta er renta på ulike plasseringsformer i pengemarknaden og obligasjonsmarknaden. Renta på statslån, som er renta staten betaler for sine lån, er den lågaste renta i marknaden. Det er etablert ei "marknadsrente" for statslån med ulike løpetider, for eksempel 3 månader, 1 år, 3 år osv. Når ein nyttar begrepet "variasjon i

marknadsrenta”, meiner ein som regel at renta for staten sine lån av ulike årsaker blir endra. Dette fører til ei umiddelbar endring i renta på alle andre verdipapir.

Marknadsverdi:

Den verdien som det er mogleg å kjøpe eller selje eit eller flere verdipapir til.

Marknadsverdien av for eksempel ei aksjeportefølje, er den verdien i kroner som ein eller flere kjøparar er villige til å betale for aksjane. For børnoterte verdipapir vil ein kunne finne marknadsverdien ved å ta utgangspunkt i børskursen.

Minimums- og maksimumsrammer:

Rammene seier kor mykje som minst skal investerast i ein aktivaklasse og kor mykje som maksimalt kan investerast i en aktivaklasse.

Obligasjon:

Renteberande verdipapir som oftast er notert på ein børs som i Noreg er Oslo Børs. Bevis på at ein har lånt ut pengar til ei bedrift, staten, fylkeskommune eller andre. Obligasjonen si løpetid skal vera lengre enn 12 månader når den blir lagt ut for sal. Det er mest vanleg at renta på obligasjonen blir utbetalt til obligasjonseigar ein eller fleire gongar årleg. Når det generelle rentenivået går opp, blir verdien på obligasjonen redusert og motsatt når det generelle rentenivået går ned.

Obligasjonsmarknaden:

Organisert marknad for obligasjonar som gir rente lengre enn eit år. Renta i obligasjonsmarknaden blir blant anna påverka av renta på statsobligasjonar.

Optimalt låneopptak:

Når ein bestemmer seg for å ta opp eit lån, prøver ein å fastsetje perioden for rentevilkår avhengig av forventningar til framtidig renteutvikling. Venter ein for eksempel at rentene skal falle, kan det vera fornuftig å fastsetje rentevilkåra for ein kort periode for å kunne få stadig lågare rentekostnad. Venter ein høgare renter, kan det være fornuftig å fastsetje rentevilkår for ein lang periode for å unngå negative overrasking gjennom stadig dyrare lån (høgare renter).

Pengemarknad:

Organisert marknad for bankinnskott og verdipapir (først og fremst sertifikat) som gir rente opp til et år. Rente i pengemarknaden blir blant anna påverka av rentefastsetjinga i Noregs Bank.

Portefølje:

Plasseringsportefølje; ei samling av fleire verdipapir for eksempel flere ulike obligasjonar og sertifikat, eventuelt obligasjonar, sertifikat og aksjar. Ved plassering i verdipapirfond, blir pengane plassert i ei ferdig portefølje. Ein nyttar også omgrepet portefølje for plasseringar i ulike fond. Låneportefølje; ein debitor sine samla lån. For ein kommune består låneporteføljen av lån frå bank, lån i sertifikatmarknaden og obligasjonslån.

Private Equity:

Dette er aksjar i selskap som er i ein tidleg del av livssyklusen, som har ein høg forventa avkastning, men med mindre omsettelighet og høgare risiko enn aksjar utferda av selskap lengre ute i livssyklusen.

Rentefølsemd:

Eit verdipapir si rentefølsemd viser verdiendringa i eit verdipapir ved ein endring i marknadsrenta. Som regel blir det utrekna kor stor endringa i verdien blir om renta endrar seg med 1% poeng. Ein reknar også ut rentefølsemd for heile porteføljjen. Dette blir kalla porteføljjen si gjennomsnittlege rentefølsemd.

Verdipapir med lang durasjon (varighet) har stor rentefølsemd og er utsett for store verdiendringar ved renteendringar. I tider med fallande rentenivå aukar obligasjonane sin kursverdi og då mest for dei med lang løpetid.

Renterisiko:

Risikoen for at verdien på plasseringar i renteberande verdipapir endrar seg når renta endrar seg. Går renta opp går verdien av plasseringar i renteberande verdipapir ned (og motsett).

Sertifikat:

Renteberande verdipapir med kortare løpetid enn 12 månader når det blir lagt ut for sal. Fungerer i praksis som ein kort obligasjon.

Soliditet:

Seier noko om eit selskap si evne til å motstå tap. Dess meir solid, desto større tap kan selskapet tåle utan at drifta i selskapet blir sett i fare.

Swap:

Kontraktar der to partar avtalar byte av betalingsstraumar og/eller hovudstol basert på eit spesifisert nominelt beløp i en spesifisert periode. Valutaswap betyr å byte valuta på hovudstol, for eksempel viss ein har lånt pengar i dollar, men ønskjer kroner. Då avtalar ein med ein bank at dei får dollar av oss, mot at dei gjer oss kroner. Banken overtek òg rentebetalinga på dollar mot at vi betalar renter på kronelånet.

Verdipapirfond:

Ei formuessamling der fleire innskytarar har gått saman for å la sine pengar bli forvalta i fellesskap. Verdipapirfondet blir forvalta av eit fondsforvaltningsselskap. Innskytarane plasserer pengane i verdipapirfondet som tar eit forvaltningshonorar for å administrere fondet. Det blir i hovudsak investert i norske aksjefond, obligasjonsfond og pengemarknadsfond.

Årlege verdisvingingar:

Ofte vil verdien på pengeplasseringar svinga i det korte perspektivet. Det er vanleg å snakke om årlege verdiendringar eller svingingar som seier kor mykje verdiane svingar i løpet av eit år.